

Fra: Tore Skjæveland
Sendt: 23. mai 2017 14:36
Til: KR-Postmottak
Emne: Svar frå Bjørgvin - Forskrift om den norske kirkes medlemsregister

Bjørgvin bispedømeråd vedtok på bispedømerådsmøte 23. mai 2017:

Bjørgvin biskop og bispedømeråd er stort sett samd i framlegget til ny forskrift, men har nokre merknader.

Det er viktig at forskrifta bidrar til å kvalitetssikra informasjonsinnsamlinga heilt frå utført handling til registrering, difor blir det uheldig å ta bort henvisinga til informasjonsplikta til den som utfører dei handlingane som skal registrerast.

Tidlegare var dette kyrkjebokførande prest sitt ansvar. Det materielle innhaldet i ordet «kyrkjebokfører» er no som før: «plikt til å registrera eller bidra til registrering av dei kyrkjelege handlingar, jfr. Tjenesteordning for menighetsprest §13.

I framlegget til ny forskrift §3 vert «Kirkebokfører» definert som: «den som er ansvarlig for å gjennomføre kirkelige handlinger», men ordet er ikkje brukt i forskrifta. Dette vert grunngjeve med at «kyrkjebokfører» betyr noko anna etter at det vart slutt med papirkyrkjebøker i 2012 og fellesrådet fekk lokalt behandlingsansvar.

Det vil då vera meir i samsvar med intensjonen i forskrifta at ein heilt tar vekk ordet «kyrkjebokfører» i staden for å omdefinera det. Samtidig er det viktig å ta vare på plikta til å bidra til registrering.

I noverande forskrift §8 står det:

«Den ansvarlige for kirkebokføringen plikter å gi melding til den som ivaretar det daglige ansvaret for medlemsregisteret i vedkommende sokn om dåp, konfirmasjon, vigsel til ekteskap, jordfestelse (gravferdsseremoni) ved prest i Den norske kirke samt inn- og utmeldinger av Den norske kirke.»

Kyrkjerådet foreslår å ta bort denne formuleringa fordi dei meiner at det ikkje samsvarar med praksis. Det kan nok vera riktig i delar av landet, men er ikkje riktig over alt, praksis er ulik og særleg i mindre fellesråd kan ein vera meir avhengig av aktiv informasjonsformidling frå prest.

Vårt framlegg er at ein i ny §10, som erstattar noverande §8, legg til eit fjerde ledd. Vårt forslag til formulering tar ikkje med ordet kyrkjebokfører, men kombinerar formuleringa i ny §3 med den noverande §8, men utelet orda «ved prest» fordi nokre kyrkjelege handlingar også kan utførast av andre vigsla grupper:

«Den som er ansvarlig for å gjennomføre kirkelige handlinger plikter å gi melding til den som ivaretar det daglige ansvaret for medlemsregisteret i vedkommende sokn om dåp, konfirmasjon, vigsel til ekteskap, jordfestelse (gravferdsseremoni) i Den norske kirke samt inn- og utmeldinger av Den norske kirke.»

Vi er og samde i ny § 13 i framlegget, at det kan fastsetjast utfyllande retningslinjer. Det er eit behov for det når soknepresten ikkje lenger er kyrkjebokfører og ansvarleg for korleis opplysningar vert ført og for å avgjera tolkingsspørsmål. Dette gjeld særleg spørsmål knytt til føring av faddrar og i kva grad ein kan føra inn ekstra eller sletta.

Med helsing
På vegne av bispedømerådet

Tore Skjæveland
Kyrkjefagsjef
Bjørgvin bispedøme
ts929@kyrkja.no
tlf:55 30 64 93 mob: 97 18 76 26